



Kommunane i Vestland

Saksbehandlar, innvalstelefon

Kjetil Stavø Høvig, 5557 2260

Svar på spørsmål i møte 4. januar

I møtet mellom Statsforvaltarane og kommunane i Vestland 4. januar kom det opp ein del spørsmål og problemstillingar som ikkje vart svart ut direkte i møtet. Vi har oppsummert desse og gjort eit forsøk på å svare ut så mykje som mogleg av det i dette brevet.

Refusjon av foreldrebetaling i barnehage ved stenging

Når barnehagar må redusere tilbodet eller halde stengt kan dette medføre reduksjon i foreldrebetaling. Barnehagelova regulerer ikkje kontraktsvilkåra mellom foreldre og barnehageeigar, som til dømes reduksjon i betaling ved stenging i kortare perioder og ved redusert opningstid. Om dette vil vere eit brot på avtalane mellom barnehagane og foreldra må vurderast konkret ut frå kvar enkelt avtale og etter alminnelege kontraktsrettslege prinsipp.

Heimel for å stenge skular grunna låg bemanning

Det er berre kommunen som smittevernmynde som kan gjere vedtak om å stenge skuler, jf. smittevernloven § 4-1 første ledd bokstav b. Skuleeigar kan ikkje bestemme at skuler skal stengast. Kommunen som smittevernmynde kan berre gjere dette dersom dette er nødvendig for å forebygge ein allmennfarleg smittsam sjukdom, eller for å motvirke at den blir overført. Det må altså vere smittevern som gjer det nødvendig å stenge skulen – ikkje bemannings- og driftsproblem.

Bemanningsproblem kan i praksis føre til at skulen ikkje klarer å drive smittevernmessig forsvarleg på gult nivå. Dersom en skule ikkje har nok bemanning til å overhalde smittevernreglene og -retningslinjene på gult nivå, vil det vere smittevern, ikkje bemanningsproblema i seg sjølv, som grunnjev stenging.

Skuler kan berre stengast etter smittevernloven § 4-1 dersom dette er nødvendig. Stenging er berre nødvendig dersom ein ikkje kan oppnå tilstrekkeleg smitteverneffekt ved å setje inn mindre inngripande tiltak enn stenging. Dette vil seie at ein til dømes bør vurdere å redusere opningstider eller avgrense tal på barn som er til stades samtidig, før kommunen stenger ein skule.



Kva kan skuleeigar avgjere?

Skular skal drivast smittevern fagleg forsvarleg, jamfør covid-19-forskriften § 14b. Dersom det er nødvendig for sikre smittevern fagleg forsvarleg drift, kan skuleeigar redusere opningstider eller tal på elevar som er til stades samtidig, jf. covid-19-forskriften § 14b. Denne regelen gir ikkje heimel for å stenge skular, og grunnen til at tilbodet på skulen blir redusert må vere smittevernsomsyn.

Midlertidig forskrift om tilpassingar i reglane om barnehagar, grunnskular og vidaregåande opplæring som følgje av utbrot av covid-19 § 3 tredje ledd gir skuleeigar heimel for å avgjera å gi mindre deler av opplæringa heime til elevar på ungdomstrinnet og i vidaregåande opplæring i ein avgrensa periode, dersom skulen har hatt mykje fråvær knytt til covid-19 over tid, og omsynet til elevanes samla opplæring gjer det nødvendig. Denne regelen gir ikkje skuleeigar heimel for å stenge skulen – det er berre mindre deler av opplæringa som kan gis heime i ein avgrensa periode.

Manglande heimel for å vedta delvis heimeundervisning på barnetrinnet

Gjeldande regelverk gir ikkje skuleeigar heimel til å bestemme delvis heimeundervisning på barnetrinnet. Smittevernlova § 4-1 opnar for at kommunen som smittevernmyndigheit kan stenge eller redusere aktivitet på skulen, slik det er forklart over. Her må de gjere ei konkret vurdering om bemanningsutfordringane gjer at det ikkje er mogleg å drive smittevern fagleg forsvarleg. Stenging må vere grunngjeve med at det er nødvendig av omsyn til smittevernet ved skulen.

Karantenereglar for studentar i praksis i skular og barnehagar

Tilsette i barnehagar og skular har frå 1. januar 2022 fritak frå smittekarantene i arbeidstida. Studentar i praksis er ikkje tilsette i kommunen, og er difor ikkje omfatta av dette fritaket.

Digital undervisning til elevar som er heime grunna smittevern/karantene?

Elevar skal ikkje møte på skulen dersom dei er i karantene eller isolasjon, eller har symptom på luftvegsinfeksjon. Utdanningsdirektoratet sin informasjon om kva tilbod desse elevane skal få gjeld framleis, og er å finne på nettsidene deira: <https://www.udir.no/kvalitet-og-kompetanse/sikkerhet-og-beredskap/informasjon-om-koronaviruset/opplaring-til-elever-som-ikke-kan-mote-pa-skolen/>

Med helsing

Anne Hjermann
utdanning og verjemålsdirektør

Kjetil Stavø Høvig
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent



Mottakerliste:

Ullensvang kommune	Opheimsgt. 31	5750	ODDA
Øygarden kommune	Ternholmvegen 2	5337	RONG
Bjørnafjorden kommune	Postboks 24	5649	EIKELANDSOSEN
Bømlo kommune	Leirdalen 1	5430	BREMNES
Gloppen kommune	Grandavegen 9	6823	SANDANE
Gulen kommune	Eivindvikvegen 1119	5966	EIVINDVIK
Luster kommune	Postboks 77	6866	GAUPNE
Modalen kommune	Postboks 44	5729	MODALEN
Sveio kommune	Postboks 40	5559	SVEIO
Eidfjord kommune	Simadalsvegen 1	5783	EIDFJORD
Hyllestad kommune	Kommunehuset	6957	HYLLESTAD
Sogndal kommune	Postboks 153	6851	SOGNDAL
Ulvik herad	Skeiesvegen 3	5730	ULVIK
Askvoll kommune	Postboks 174	6988	ASKVOLL
Askøy kommune	Klampavikvegen 1	5300	KLEPPESTØ
Kvinnherad kommune	Rosendalsvegen 10	5470	ROSENDAL
Lærdal kommune	Postboks 83	6886	LÆRDAL
Osterøy kommune	Rådhuset	5282	LONEVÅG
Sunnfjord kommune	Postboks 338	6802	FØRDE
Voss herad	Postboks 145	5701	VOSS
Solund kommune	Postboks 73	6921	HARDBAKKE
Vik kommune	Postboks 134	6891	VIK I SOGN
Aurland kommune	Vangen 1	5745	AURLAND
Bergen kommune	Postboks 7700	5020	BERGEN
Bremanger kommune	Postboks 104	6721	SVELGEN
Fedje kommune	Adm.bygg	5947	FEDJE
Kinn kommune	postboks 294	6701	MÅLØY
Masfjorden kommune	Austfjordvegen 2724	5981	MASFJORDNES
Stord kommune	Postboks 304	5402	STORD
Alver kommune	Postboks 4	5906	FREKHAUG
Austevoll kommune	Kommunehuset	5392	STOREBØ
Fitjar kommune	Postboks 83	5418	FITJAR
Stad kommune	Rådhusvegen 11	6770	NORDFJORDEID
Samnanger kommune	Tyssevegen 217	5650	TYSSE
Stryn kommune	Tonningsgata 4	6783	STRYN
Tysnes kommune	Rådhuset	5685	UGGDAL
Vaksdal kommune	Konsul Jepsensgata 16	5722	DALEKVAM
Årdal kommune	Statsråd Evensensveg 4	6885	ÅRDALSTANGEN
Austrheim kommune	Kommunehuset	5943	AUSTRHEIM



Etne kommune	Sjoarvegen 2	5590	ETNE
Fjaler kommune	Postboks 54	6961	DALE I SUNNFJORD
Høyanger kommune	Postboks 159	6991	HØYANGER
Kvam herad	Grovagjelet 16	5600	NORHEIMSUND